

Medlemmar i Samarbeidsutvalet

Ikkje publiser
IP

Dykkar ref.

Vår ref.

Dato:

20/16260-15

17.06.2023

Referat frå møtet i Samarbeidsutvalet 30.05.2023

Møte nr.	3
Møtedato/tid:	30.05.2022 klokka 18.00
Stad:	Sund ungdomsskule, stort møterom loftet
Til stades:	Alva Betine Kilvik, leiar elevrådet Arthidhaya (Benå) Supanayachotskul, styremedlem elevrådet Jørgen Kausland, politisk representant Jimmy Håkonsund, leiar FAU Gro Hege Eidesund, verneombod, representant for andre tilsette Anne Hufthammer, rektor Meldt avbod: Gro Spilde, nestleiar FAU Rigmor Bråten, tillitsvalt, representant for lærarane

Sak nr.	Tema
16/22-23	Godkjenning av innkalling og saksliste
17/22-23	Saker som skulle følgjast opp frå sist møte: Utanomhusplanen: Her skjer det mykje. Me har fått utanomhusplanen med kostnadskalkyle. Dette er oversendt eigedom, drift og kommunalsjefen. Me har også hatt møte med desse. I etterkant av dette må me prioritera kva me ønskjer å vektleggja i planen slik at me får satt i gong med noko. Me kan sjå på dette saman i SU.

Besøksadresse
Øygarden rådhus
Foldnesvegen 1
5354 STRAUME**Postadresse**
Ternholmvegen 2
5337 RONG**Kontonummer**
1506.24.29981
Organisasjonsnummer
922 53 0890**E post**
postmottak@oygarden.kommune.no
Telefon
56 16 00 00

	<p>SU ønskjer å realisera planen i eitt. Det er eit opparbeida område som skal endrast så det er ikkje så vanskeleg å få det gjort.</p> <p>Helsesjukepleiar: Situasjonen er som før, men helsesjukepleiaren vår vil gå opp til 50 eller 60 % frå hausten av. Målet er at me skal få 80 % helsesjukepleiar på skulen i løpet av neste skuleår.</p> <p>Romsituasjonen: Me bruker det store musikkrommet til nytt klasserom. Har tilsett ein person me ønskjer skal byggja opp musikkavdelinga vår.</p> <p>Nynorskbruken: Dei tilsette veit om dette, og dei skal skriva nynorsk på vekeplanen.</p> <p>Opplæringa for dyslektikarane: Det har vore litt styr med nye Lingdys + og installering av dette, men alle elevane våre som har rett på det skal no ha fått det. Til neste år har me satt av litt tid til ein lærar hos oss som skal jobba med å gjera oss til ein dysleksivenleg skule.</p>
18/22-23	<p>Informasjon frå elevrådsleiar:</p> <p>Sommarball 15. juni – me håper mange foreldre stillar som vakter. Håpet – dagsenter i Brasil som skulen ønskjer å støtta.</p>
19/22-23	<p>Informasjon frå FAU:</p> <p>Utanomhusplanen:</p> <p>Skriv som skal sendast ut for å få sponsing til utanomhusplanen. Ønskjer også sponsing til material. Dette er det FAU som styrer.</p> <p>Helsesjukepleiarsituasjonen er framleis uavklart.</p> <p>Romsituasjonen – me ventar til hausten før me gjer noko her.</p> <p>Sommarballet – foreldra gler seg til dette.</p>
20/22-23	<p>Informasjon frå rektor:</p> <p>Til neste år skal me ta satsingsområda våre vidare: Elevmedverknad og meir praktisk og variert undervisning.</p> <p>Me skal jobba med å laga verdiane våre knytt opp til visjonen.</p> <p>Me skal ha ekstra fokus på utviklingsarbeid og vil gje nokre lærarar utviklingstid slik at me saman kan jobba med skuleutvikling.</p> <p>Me får tilsett miljørettleiar som skal jobba med at det skjer meir i friminutta og på skulen generelt.</p> <p>Me vil ha tre MOT-coachar neste år. Det blir MOT-fest i vest 15. september. Heile dagen pluss konsert på kvelden. Alle skulane skal hjelpa til slik at det blir ein skikkeleg festival.</p> <p>Samarbeid med Sotra vgs., avd. bygg.</p>

	Skuletur 10. trinn: Masfjorden – i Bjørn Vest sine fotspor pluss Espeland fangeleir. Kva som skjer til hausten, veit me ikkje. Prosjektveke i veke 40.
21/22-23	Budsjett og ressursar 2023 – 2024: Til no har me heldt budsjettet vårt godt. No skal me kjøpa nye matematikkbøker, me skal ha fleire nye mobilskap og me vil oppgradera litt verktøy med tanke på ALF, kunst og handverk og friluftsliv. Dette kjem til å kosta. I tillegg skal fleire elevar vera på alternative opplæringsarenaer i løpet av veke, noko som kostar mykje. Me vil difor halda igjen på ressursane våre slik at me ikkje går på eit overforbruk.
22/22-23	Eventuelt
	Saker som skal følgjast opp: Utanomhusplanen Helsesjokepleiarsituasjonen
	Nytt møte: Til hausten

Med helsing

Anne Hufthammer
rektor

Dokumentet er elektronisk godkjent, og krev difor ingen signatur